



Også Uskedalen bør no få minihandball meiner ungdomsleiaren i handballklubben. Dette biletet var teke under handballskulen i vinterferien i år. (Foto: Kvinnheringen)

**- Rosendal (gutar), Halsnøy og Husnes er godt i gong med minihandball og Uskedalen bør bli den neste til å bli med i handballfamilien vår.**

**Det vart gjort ein freistnad i fjor, men då fekk ikkje Randi Pedersen nokon med seg. No bør ho få det. Så aktive som dykk uskedelinger er ellers, skulle det berre mangle at dykk ikkje også har handball for dei yngste.**

Det er ungdomsleiar Merete Lillesand i Kvinnherad Handballklubb som seier dette til uskedalen.no.

Ho minnar om at det no er merka opp også for minihandball i Aktivitetshuset og at alt dermed skulle liggja til rette for aktivitet også innen denne greina.

Kva er så minihandball? Det er for dei som er frå 6-7 til 10 år gamle. Dei spelar på tvers av den vanlege handballbana med "minimål" og det er 4 på kvart lag. Minihandball går mest ut på lek med ball og er enkelt og kjekt å læra... Klassa 2001 og 2000 er ikkje med i seriespel, berre i interne turneringar i klubben, men har gjerne vitjing frå Fitjar, Tysnes og andre. 1999 og 1998 er med i seriespel i Sunnhordland.

- Eg etterlyser foreldre som kan ta eitt tak og starta eitt Uskedalslag. Dei vil få starthjelp av oss i form av kurs, men dei treng inga handballkunnskap på førehand, understrekar Merete.

Av Ola Matti Mathisen



Frå turnering i Husneshallen der Lone Nes står i mål for KHK Husnes 99. (Foto: Kvinnheringen)